Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Rauland

Emne: Høgtidsmat ved familiefestar.

Bygdelag: Vesland

Oppskr. av: Anne Midtbø.

Gard: Loftshus

(adresse): Rauland

G.nr. 1. Br.nr. 43.

A. ~~Merk av om oppskrifta er~~ etter eiga røynsle.

B. ~~Eller om den er etter andre heimelsmenn~~: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Fødselen.

1. Det hev vore og er den skikken.

2. Vanleg åleine, hadde dei born emne, var dei med.

3. Ingi avtale om det.

4. Ikkje nokon sers dag.

5. Ein var der 1 gong.

6. Det var vanleg med smørgraut, elles kunne ein gjeva smør og annan mat etter som det høvde, og gåver elles.

7. Kjenner ikkje til skikken å sende fleire vendor.

8. Til å ha grauten i var det rosemåla eller brennemerkte spann, som gjekk i arv og var haldne svært gjæve. Til annan mat var det fine sendingskorger.

8585

9. Det vart kalla: Sending.

10. Det var helst kona sjölv.

11. Var det av lengdom so köyrde mannen og ingen såg noko ulagleg i det.

12. Dei vart traktera med det beste huset hadde, gjerne med smörgraut. Øl og dram vart og halde stadt. Kjenner ikkje til at det var skilnad på gjente og gut.

13. Kjenner ikkje til noko namn.

14 Ukjent.

15. Gjekk nok helst berre til konor.

16. Skikken med graut er enno ved lag. Oftast er det vel no kaker, av og til blomar, aldri sötsuppe. Det er ca 30 år sidan det vart sjeldnare å bera graut.

17. Ukjent.

18. Ikkje vanleg med noko gåva.

19. Dåpskalas var ukjent her før, og svært sjeldan no og.

20. 21. 22. Fell burt.

23. Det er helst innflutte byfolk som held dåpslag.

8585

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

24. Feiring av årmålsdag hev vore lite bruka hera før. Det er fyrst i dei seinare åri skikken hev teke til.

25. For vaksne er lagi haldi ved rundetal.

26. Gjestene kjem helst ubedne.

27. Er ein i årmålslag hev ein gåva med anten ein kjem ubeden eller beden.

28. Ukjent

29. Ingen regel om mat. Ljos lite i bruk.

C. Konfirmasjon.

30. Det var ingi feiring av konfirmasjonsdagen før.

31. Det er ikkje ålment med lag enno. Tok til for ca. 20 år sidan.

32. Dei næraste av slekti, vener og ofte læraren og presten.

33. Ikkje vanleg med sending.

34. Gåver gjev ein til sine næraste og om ein er beden i lag.

35. Ikkje nokon bestemt mat.

D. Brudlaup.

36. 37. Kjenner ikkje til at noko lag vart halde om det var trulovning anten før eller no.

8585

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

38. Fleire dagars brudlaup hev vore lite i bruk hera. Det ålmenne var 1 dag og stundom 2.

a. Det var vel ofte skiftande.

b. Fyrste måltidet ein fekk etter ein hadde fenge øl var: slaglette, gommi, koka aure, kling, flatbraud, brød, smør og osl. Etter ein kom frå kyrkja var det soi kjøt og spa med øl til og i eldre tider jamleg.

c Slaglette, gommi, kling var ~~sj~~ tram sjølvskriven mat i brudlaup.

d Andre dagen var det smørgraut. Elles ikkje noko sers.

39. Her har 'kje vore den skikken å koma med sending til brudlaup, anna enn mjølk til slaglette. Dei kom med det dei kunne. Det var ikkje noko fast kor mykje kvar skulle koma med.

40. Det vart ikkje bore noken slag mat.

41. Det hendte aldri at bedaren samla kjøt.

42. 43 fell burt.

44. Når dei kom med mjølki vart dei bedne inn på øl og kaffi med kaker.

45. 46 fell burt.

47. Heilt slutt med tvo dagars brudlaup er det ikkje enno.

48. Det hender at det vert halde brud-

8585

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

laup på holell.

49. Det hender og. Ofte hev dei då eit lite lag når dei kjem heim, „Heimkomol"

50. Gåver gjev dei som er i laget.

51. Ukjent hera.

E. Gråferd.

52. Det var 1 krins som høyrde til og varsla beden alltåt, slekt og vener. Ein mann for rundt og bad.

53. Gravferdi varde 1 dag med tvo mål-tid, koffi og kaker.

54. Det var morgonmat med: slagtelle, gomme, kling, koka aure, flatbrand, bród, smör ost og koffi. Dei åt ved langbord.

55. Kjenner ikkje til det.

56. Kjenner ikkje til det.

57. Det vart sjeldan halde gråferd andre staden enn i heimen av den døde.

58. Ingen annan sending enn mjölki som dei kom med dagen fyre.

59.60.61. Er ukjent her.

8585

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

62. Brukar enno den gamle gravferdskikken.

63. Hev ikkje vore verko alkoholforbruk i gravferder som eg kan hugse.

64. Hev ikkje lagt merke til det.

65. Morgonmaten er den same som før. Middagen er ikkje alltid sodkjøt og graut som før, men kan vera kjøttkaker, steik o.a.

66. Ikkje nyting av alkohol.

67. Aldri middag på hotell.

68. Skrivfleg ber ein berre dei som bur langt burte.

69. ca. 40 år sidan.

7. Nye fester.

70. Ingen tradisjon om mat 17. mai.

71. Av vanlege bønder er det ikkje mange. Det er helst innflutte byfolk som byrja med det for ca 25 år sidan.

72. Det same gjeld for farsdagen.

73. Maten er som det høver.

74. Brukar heimelaga mat.

75. Gjenom tidsskrifter, bøker og blad.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8585